

# Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 22.06.2011  
Møtestad: Fleischer´s Hotell, Voss

**Styremøtet var ope for publikum og presse**

## **Deltakarar frå styret**

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

## **Forfall frå styret**

## **Deltakarar frå administrasjonen**

Administrerande direktør Herlof Nilssen  
Fagdirektør Baard-Christian Schem  
Eigardirektør Ivar Eriksen  
Økonomisjef Terje Arne Krokvik  
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen  
Leiar internrevisjon Bård Humberset  
Torunn Nilsen referent

## Sakliste

---

B 068/11	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 069/11	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 01.06.2011
B 070/11	Administrerande direktør si orientering
B 071/11	Rapportering frå verksemda per mai 2011
B 072/11	Revidert nasjonalbudsjett 2011
B 073/11	Førebels inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012
B 074/11	Regional plan for psykisk helse 2011-2015
B 075/11	Helse2020 - Strategi for helseregionen
B 076/11	Forslag til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus
B 077/11	1. tertialrapportering på krav i oppdragsdokument og føretaksprotokoll for 2011
B 078/11	Risikovurdering 1. tertial 2011
B 079/11	Mal for styra si eigenevaluering og vurdering av administrerande direktør
B 080/11	Plan for internrevisjon 2011-2012
B 081/11	Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 11.05.2011
082/11	Eventuelt

## Fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Bergen HF

Fellesmøtet blei gjennomført med følgjande sakliste:

- Omvisning på Voss sjukehus
- Revisjon av strategi i Helse Bergen HF
- Status samhandling
- Status arealplan/Langtids investeringsbudsjett

### **B 068/11 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

#### **Oppsummering:**

#### **Forfall:**

Det var ikkje meldt forfall til møtet.

#### **Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møtet:**

#### **Til sak 073/11 B – Førebels inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012:**

- Notat – Omstillingsutfordring Helse Førde

## **Sak 076/11 B – Forslag til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus:**

- Styresak med vedlegg
- Brev frå advokatfirmaet Harris til Helse Vest RHF, dagsett 210611 – Mandat for utviklingsprosjektet ved Nordfjord sykehus

### **Til skriv og meldingar:**

- Brev frå Helse Vest RHF til Helse Fonna HF og Helse Bergen HF, dagsett 160611- Spesialisthelsetenestetilbodet i Helse Fonna HF - oppstart av arbeid med å vurdere føretaksgrensa i Hardanger
- Brev frå Brukarutvalet i Helse Førde til Helse Vest RHF v/styret, dagsett 140611- Dei økonomiske rammene for Helse Førde
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, Voss sjukehus, dagsett 100611 - Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF - Voss sjukehus 12.-13.mai 2011
- e-post frå Vågsøy senterparti til Helse Vest, dagsett 160611 – Nordfjord Sjukehus Spørsmål frå Vågsøy SP
- Kopi av brev frå Advokatfirmaet Harris til Helse Førde HF, dagsett 160611 – Styresaker – modell for somatisk spesialisthelsetjenester i Helse Førde og langtidsbudsjett og investeringsplan

### **Eventuelt:**

Reidun Nyborg Johansen meldte inn spørsmål om prosjektoversikt i Helse Vest.

### **Vedtak (samrøystes):**

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

## **B 069/11 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 01.06.2011**

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 01.06.2011

## **O 070/11 Administrerande direktør si orientering**

- 1 **Rapportering tilsyns-, kontroll- og klagesaker**  
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 2 **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 16.05.11 - 05.06.11**  
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 3 **Oversikt over aktuelle høyringar per 5. juni 2011**  
Administrasjonen viste til utsendt notat.
- 4 **Føretaksmøte i Helse Vest RHF 08.06.2011**  
Administrerande direktør oppsummerte frå føretaksmøtet i Helse Vest RHF 08.06.2011. Protokoll frå føretaksmøtet blir styrebehandla i septembermøtet, når vi har fått tilsendt den signerte protokollen.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok meldingane til orientering.

**B 071/11 Rapportering frå verksemda per mai 2011****Oppsummering:**

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per utgongen av mai 2011 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene i hovudsak har gått ned frå seinsommaren 2010 og fram til no, både for ventande og behandla, når ein ser på alle fagområde for RHF-et samla. I mai 2011 var den gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling 69 dagar, medan den nasjonale målsettinga er å nå 65 dagar i gjennomsnitt. Den samla ventetida for behandla pasientar er på same nivå som for eitt år sidan både innan psykisk helsevern for vaksne, innan BUP og innan somatikken. For pasientar som framleis ventar er den gjennomsnittlege ventetida innan BUP noko høgare enn for eitt år sidan, innan psykisk helsevern for vaksne og innan somatikken er den gjennomsnittlege ventetida litt kortare enn for eitt år sidan. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar.

Akkumulert resultat pr mai er kr 59,6 mill betre enn budsjettert. Helse Stavanger og Helse Førde rapporterer om ei realisert omstilling på hhv 47 og 78 % av plan. Helse Fonna etablerte si tiltakspakke i april og har realisert ein effekt på 18% av plan. Helse Fonna og Helse Førde melder ei prognose som er hhv. kr 12,6 og 25 mill dårlegare enn budsjett, medan dei andre føretaka rapporterer ei prognose som er lik budsjettert resultatkrav. Likviditeten forverrar seg mot slutten av året som følgje av betaling av KLP reguleringspremie. Samla sett ligg likevel driftskreditten godt innafor tildelt trekkramme.

Sjukemeldt frávær var 5,8 % pr mai 2011 noko som er ein liten nedgang på 0,4 prosentpoeng frå april 2011. Samla sjukefrávær for føretaksgruppa var 6,7 % per mai 2011. Det er ein nedgang på 0,4 prosentpoeng i forhold til april 2011. Brutto månadsverk for føretaksgruppa er 18 546 pr mai, noko som er ein nedgang på 175 brutto månadsverk samanlikna med april i år, og ein auke på 391 brutto månadsverk samanlikna med mai i fjor.

For føretaksgruppa er det per medio juni 2011 9 884 medarbeidarar som er fast tilsette i heil stilling. Det betyr at 57 % av alle dei faste tilsette har 100 % stilling. 7 381 medarbeidarar er fast tilsette i deltidstilling, noko som betyr at 43 % av alle dei faste tilsette i Helse Vest har ein stillingsstørrelse mellom 0,1 % og opp til 99,9 % stilling.

Styret presiserte at målet om å ikkje ha fristbrot og nå 65 dagar gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar før sommaren, og står ved lag. Dersom nokre av helseføretaka ikkje når måla i forhold til fristbrot og ventetid før sommaren, skal det lagast ein detaljert plan med framdrift for korleis ein skal komme i mål på desse områda.

Styret diskuterte form og innhald i styresaka rapportering frå verksemda. Det var semje om å korte ned på saka ved å nytte grafar, og ikkje nytte tekst til å forklare det som styret kan lese av grafane.

**Vedtak (samrøystes):**

Styret tok rapportering frå verksemda per 31. mai 2011 til etterretning.

## B 072/11 Revidert nasjonalbudsjett 2011

### Oppsummering:

Regjeringa la den 13. mai 2011 fram forslag til revidert nasjonalbudsjett (Prop 120 S 2010-2011). Budsjettet er behandla i Stortinget i juni månad.

Oppsummert vil ein trekke fram dei viktigaste punkta for Helse Vest:

1. Dekning av auka pensjonskostnader på totalt kr 1,6 mrd. Av dette blir kr 302 mill fordelt til Helse Vest. Det blir samtidig stilt krav om tilsvarande nedbetaling av driftskreditt
2. Nasjonalt pilotprosjekt ved Nordfjord sjukehus der det er løyva kr 25 mill til prosjektet i 2011.
3. Lokalmedisinsk senter for Sogn i Lærdal der det er løyva totalt kr 5 mill i 2011, kor Lærdal sjukehus får kr 2,5 mill og dei aktuelle kommunane får kr 2,5 mill
4. Automatisk frikort pasientreiser. Trekk i basisramma på totalt kr 4,5 mill der Helse Vest blir trekt kr 0,8 mill.
5. Meirutgifter ved kreftregisteret knytt til innhenting av samtykke i kreftscreeningsprogrammer er føreslått dekt med kr 25 mill på landsbasis
6. Poliklinisk verksemd – retting av overslagsløyving. Løyvinga blir auka med kr 125 mill

### Vedtak (samrøystes):

1. Med bakgrunn i Stortinget si behandling av revidert nasjonalbudsjett blir det gjort følgjande endring av tildelinga til helseføretaka i 2011:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	SUM
Meirkostnad pensjon	80 754	37 145	118 546	33 805	1 652	2 875	304	275 081
Nasjonalt pilotprosjekt Nordfjord				25 000				25 000
Lokalmedisinsk senter for Sogn				2 500				2 500
SUM	80 754	37 145	118 546	61 305	1 652	2 875	304	302 581

Føretaka må nytta likviditeten frå dei auka løyvingane meirkostnad pensjon til å betale ned på driftskreditt.

2. Meirkostnad pensjon til dei private ideelle med løypande driftsavtale blir dekt etter dei same prinsippa som for eigne helseføretak. Dei institusjonane som har likviditetslån hos Helse Vest, skal nytta løyvinga til ekstraordinær nedbetaling av desse låna.
3. Reserven i RHF-et blir justert ned frå kr 175 mill til kr 153,2 mill.

## B 073/11 Førebels inntektsfordeling 2012 og resultatkrav 2012

### Oppsummering:

Helse Vest hadde i 2010 eit samla positivt resultat på kr 435,7 mill justert for pensjon. Dette er ein framgang i forhold til 2009 kor det òg var eit positivt resultat på kr 156 mill. På HF-nivå er det framleis resultatmessige utfordringar, særleg knytt til Helse Førde og Helse Stavanger. Begge føretaka nådde ikkje heilt sitt budsjettkrav i 2010. No skal det seiast at avviket i Helse Førde skuldast nedskriving av fast eigedom. Samtidig har Helse Førde krav på seg om å tilpasse verksemda slik at dei kjem i økonomisk balanse innan år 2013.

Resultatet for føretaksgruppa er pr. april tilfredsstillande, og ein ligg samla sett betre an enn budsjettet. Det er likevel ein risiko knytt til resultatoppnåinga og Helse Fonna og Helse Førde rapporterer no eit negativt prognoseavvik for 2011. Det er difor viktig å halde trykk på omstillingsprosessane for å sikre at ein styrer verksemda i tråd med resultatkravet. Dette er spesielt viktig med tanke på at føretaksgruppa skal kunne gjennomføre planlagde investeringar. For å bidra til ein god budsjettprosess ser administrerande direktør det som viktig og nødvendig å klarlegge neste års økonomiske ramme og resultatkrav for det enkelte helseføretak på eit tidlegast mogleg tidspunkt.

I og med at statsbudsjettet for 2012 blir lagt fram først i oktober 2011, vil det være usikkerheit rundt førebels inntektsramme. Dette gjeld mellom anna føresetnader om aktivitet, økonomi og finansielle forhold. I tillegg vil det og vere ei usikkerheit knytt konsekvensar av det finansielle opplegget rundt innføringa av samhandlingsreforma. Endeleg inntektsramme blir lagt fram i styremøte i desember der forhold frå statsbudsjettet blir innarbeidd.

I førebels inntektsfordeling til Helse Førde HF er det lagt inn eit skjønnstilskot på kr 30 mill og eit negativt resultatkrav på kr 40 mill. Helse Vest har då tatt omsyn til at det kan ta tid å få effekt av omstillingstiltaka.

Ved årsskiftet 2011/2012 vil det bli starta eit arbeid med å sjå på inntektsfordelingsmodellen på ny med tanke på inntektsfordelinga for 2013.

### Etter forslag frå styremedlem Gisle Handeland, la styret til eit vedtakspunkt 4:

*Styret i Helse Vest legg opp til at det ved årsskiftet 2011 – 2012 blir sett i gang eit arbeid for å vurdere inntektsmodellen. Målet er at oppdatert inntektsfordelingsmodell kan leggjast til grunn for inntektsfordelinga i 2013.*

### Vedtak (samrøystes):

1. Fordeling av førebels inntektsramme for 2012 blir som følgjer:

INNTEKTSFORDELING 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering (inkl. dyre medisinar)	1 031 465	528 512	1 714 893	377 784		3 652 654
ISF-pasientar behandla i andre regionar	71 585	22 846	41 123	24 369		159 924
ISF-pasientar behandla for andre regionar	-19 800	-2 132	-57 877	-7 615		-87 425
<b>SUM, ISF</b>	<b>1 083 250</b>	<b>549 226</b>	<b>1 698 140</b>	<b>394 537</b>	<b>-</b>	<b>3 725 153</b>
<b>SUM, basisramme fordelt etter modell</b>	<b>3 053 637</b>	<b>1 733 107</b>	<b>4 897 184</b>	<b>1 410 273</b>	<b>0</b>	<b>11 094 201</b>
<b>SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)</b>	<b>377 092</b>	<b>223 822</b>	<b>836 511</b>	<b>211 318</b>	<b>3 050 319</b>	<b>4 699 063</b>
<b>SUM, tildelt inntektsramme 2012 frå RHF</b>	<b>4 513 979</b>	<b>2 506 155</b>	<b>7 431 835</b>	<b>2 016 128</b>	<b>3 050 319</b>	<b>19 518 417</b>

2. Førebels resultatkrav for 2012 blir sett som følgjer:

Forslag til resultatkrav 2012	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus Apoteka	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2012	50 000	31 000	180 000	-40 000	15 000	1 000	40 000	277 000

3. Helseføretaka blir bedne om å nytta rammebudsjettering som teknikk for budsjetteringa for 2012. Budsjettet skal bygga på inntektsføresetnader og

tar budsjettet, slik at  
ein oppnår nødvendig effekt allereie ved inngangen av 2012.

4. Styret i Helse Vest legg opp til at det ved årsskiftet 2011 – 2012 blir sett i gang eit arbeid for å vurdere inntektsmodellen. Målet er at oppdatert inntektsfordelingsmodell kan leggjast til grunn for inntektsfordelinga i 2013.

## **B 074/11 Regional plan for psykisk helse, Helseregion Vest, 2011-2015**

### **Oppsummering:**

Det er gjort ei revidering og oppdatering av den regionale planen for psykisk helsevern med eit tidsperspektiv frå 2011 til 2015. Forslag til ny regional plan for psykisk helse vidarefører intensjonane i opptrappingsplanen for psykisk helse og tar omsyn til dei føringane som til no er komne fram i samhandlingsreforma når det gjeld tenestene til personar med psykiske lidingar. Det er fremja forslag til korleis tenestetilbodet bør utviklast dei neste fire–fem åra.

Det er spesielt fokus på kunnskapsbaserte, kvalitativt gode og heilskaplege tenester som gjennom tidleg innsats hjelper pasienten med å meistre eige liv. God samordning av tenestene med fokus på pasientforløp, godt leiarskap og organisering, og fokus på brukarmedverknad er noko av det planen trekker fram som viktig for å styrkje evna den enkelte har til å meistre sitt eige liv.

Høyringane viser ei semje om hovudprinsippa i planen, statusbilete og dei utfordringane som psykisk helsevern står overfor i åra som kjem.

Høyringsinstansane peiker òg på nokre område der dei meiner planen ikkje fullt ut gir tilstrekkelege svar. Høyringsinstansane peiker m.a. på følgjande:

Psykisk helsevern retta mot personar frå andre kulturar - minoritetshelse. Dei utfordringane som gjeld minoritetar med anna kulturbakgrunn, inkludert asylsøkjjarar, er ikkje behandla særskilt i planen.

Styret ønskja at det blei sett i gang eit eige prosjekt/planarbeid for å sikre at Helse Vest har eit godt spesialisthelsetenestetilbod innan psykisk helse til personar med minoritetsbakgrunn/anna kulturbakgrunn inkludert asylsøkjjarar. Resultatet av dette arbeidet bør innarbeidast i planen, eller eventuelt som eit tileggsdokument til planen.

Styret var og opptekne av rekruttering til psykisk helsevern særleg på Stord og ville vurdere om barne- og ungdomspsykiatrien på Stord må prioriterast ved framtidig legefördeling. På kort sikt ønskte styret ei vurdering av om det er mogleg å "låne" ressursar frå Bergen eller Haugesund, for å få ned ventetida på Stord.

### **Vedtak (samrøystes):**

Regional plan for psykisk helse - Helseregion Vest – 2011-2015 blir lagt til grunn for vidareutvikling av psykisk helsevern i regionen.

## **B 075/11 Helse2020 Revidert strategi for helseregionen**

### **Oppsummering:**

Styret for Helse Vest RHF vedtok i sak 034/11 B av 15.mars å sende Helse2020 på høyring til interne og eksterne interessentar. Høyringa er no avslutta og det er utarbeida forslag til oppdatering av revidert strategi. Strategidokumentet er føreslått oppdatert med tilføyningar om folkehelseperspektivet samt helsetenester for eldre i kapittel 3. Vidare oppdatert tekst om legemiddel i kapittel fem samt ny overskrift til kapittel 10.

Høyringsrunden har gitt mange og konstruktive tilbakemeldingar på strategidokumentet. Det er gledeleg å registrere at mange innleiingsvis i høyringssvara gir ros til initiativet og arbeidet med Helse2020 som eit godt gjennomarbeida dokument som viser mål og retning.

Dei mange innspela som går på konkretisering av strategiplanen vert, i tråd med overordna tilnærming i strategidokumentet, tilrådd tekne inn i det vidare arbeidet med gjennomføring av godkjent strategiplan.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret for Helse Vest RHF slutta seg til det oppdaterte forslaget til revidert strategi Helse2020 med tiltaksområde for perioden 2011-2015.
2. Styret ber om at dei mange innspela til konkretisering særleg av samhandlingsreforma, blir tekne med i det vidare arbeidet med gjennomføringa av strategiplanen.

## **B 076/11 Forslag til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus**

### **Oppsummering:**

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt Helse Vest RHF om å utarbeide eit forslag til mandat for eit utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus. Mandatet skal utarbeidast i samarbeid med tilsette og brukarar ved sjukehuset og med kommunar i området.

Helse Vest har gjennomført ein prosess der tilsette/brukarar og kommunane i to omgangar har kome med innspel til mandat og organisering av prosjektet. Endeleg mandat skal fastsettast av Helse- og omsorgsdepartementet.

Helse Vest har i forkant av styrebehandlinga gjennomført drøfting av saka med dei konserntillitsvalde/konsernhovudverneombod.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret slutta seg til framlagt utkast til mandat for utviklingsprosjekt ved Nordfjord sjukehus og ber om at dette blir oversendt Helse- og omsorgsdepartementet.

## **B 077/11 1. tertialrapportering på krav i oppdragsdokument og protokoll for 2011**

### **Oppsummering:**

Helse Vest RHF har med innspel frå helseføretaka utarbeidd ein tertialvis rapport på krava som er stilte i oppdragsdokumentet og i føretaksprotokollen. Rapporten synleggjer at Helse Vest i hovudsak rapporterer god framdrift.

Det blei presisert at rapporteringa gjeld krava som er stilte i oppdragsdokument og føretaksprotokoll for Helse Vest RHF, og ikkje skjerpa krav som Helse Vest har stilt til helseføretaka i styringsdokument.

### **Vedtak (samrøystes):**

Styret tok saka til orientering.

## **B 078/11 Risikovurdering 1. tertial 2011**

### **Oppsummering:**

I tråd med retningslinjene for risikostyring i Helse Vest har helseføretaka gjennomført ei overordna risikovurdering av utvalde styringsmål som skal følgjast særskilt opp gjennom året. 3 av styringsmåla er felles for føretaka. I tillegg har føretaka definerte eigne, verksemdsspesifikke mål for oppfølging gjennom året. Helseføretaka har gjennomført risikovurderinga i tråd med retningslinjene og føringar gitt i oppdragsdokumenta, og det er utarbeidd omfattande og detaljerte rapportar. For områder det er knytt uønska høg risiko til, er det gjort greie for risikoreducerande tiltak. Det er av avgjerande betydning at desse tiltaka er realistiske, og at styra i dei respektive helseføretaka følgjer opp at tiltaka blir gjennomført og risiko redusert. Rapportane blir lagde fram for styra i dei einskilde føretaka på styremøta i mai/juni.

Helse Vest føreset at føretaka aktivt følgjer opp risikovurderingane med særleg fokus på dei områda der risikoane er høge.

Styret ønskte at administrasjonen gjer ei vurdering av om saka kan forenklast og gjerast kortare til neste rapportering, til dømes med å ikkje legge ved rapporteringa frå helseføretaka.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret tok saka til etterretning, og legg til grunn at helseføretaka aktivt følgjer opp risikovurderingane med særleg fokus på dei områda med høg risiko. Det må utarbeidast tiltak for å redusere risiko på dei områda som har høgast risiko (raud sone). Tiltaka må leggjast fram for styret i HF-et, og det må rapporterast til styret i HF-et fortløpande fram til risikoen er redusert til grøn eller gul sone.

## **B 079/11 Mal for styra si eigenevaluering og for evaluering av administrerande direktør**

### **Oppsummering:**

Det er eit krav i protokoll frå føretaksmøtet at styret for Helse Vest RHF og styra for helseføretaka evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i RHF-et.

Etter helseføretakslova § 29 skal styret føre tilsyn med administrerande direktør. Ein del av denne oppgåva vil vere å evaluere det arbeidet administrerande direktør gjer og hans utøving av rolla som dagleg leiar for det regionale helseføretaket.

I denne saka blir det føreslått ein ny mal for styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør, og ein prosedyre for gjennomføring av evalueringa.

### **Vedtak (samrøystes):**

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok malen for eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør.
2. Styret i Helse Vest RHF ber styra i helseføretaka ta i bruk malen for eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør ved neste evalueringstidspunkt.

## B 080/11 Plan for internrevisjon 2011-2012

### Oppsummering:

I denne saka legg internrevisjonen fram forslag til ein oppdatert plan for internrevisjon for andre halvår 2011 og inn i 2012. Fire prosjekt vert foreslått prioritert først, deretter vil ein ta opp dei andre prosjekta som vert omtala utover i plandokumentet.

Dei 4 prioriterte prosjekta er:

- *Flaskehalsar i somatikken: Korleis fungerer prosessane frå tilvising til behandling, sett frå eit brukarperspektiv? (Utvald område innan somatikken, f.eks. kreftbehandlinga)*
- *Flaskehalsar i rusbehandlinga: Korleis fungerer prosessane frå tilvising til behandling, sett frå eit brukarperspektiv? (Femner private institusjonar og samarbeidet med primærhelsetenesta)*
- *IKT-sikkerheit: Prosjekt som dekkjer eit eller fleire av stikkorda konfidensialitet, integritet, tilgjenge, kvalitet kva gjeld personopplysingar eller anna informasjonsinnhald. (Femner Helse Vest IKT AS og føretaksgruppa elles)*
- *Vedlikehald av bygg og større utstyr: Kva konsekvensar har prioriteringa av vedlikehaldet på til dømes pasientbehandlinga og tilsette sine arbeidsvilkår?*

### Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende plan for internrevisjon for perioden 2011-2012

## B 081/11 Protokoll frå møte i revisjonskomiteen i Helse Vest RHF 11.05.2011

### Oppsummering:

Revisjonskomiteen i Helse Vest RHF hadde møte i Stavanger 11. mai 2011. Protokoll frå møter i revisjonskomiteen skal leggjast fram for styret.

Følgjande saker blei behandla:

B 13/11	Protokoll frå revisjonskomitemøte 12.04.2011
B 14/11	Orienteringar med prosjektstatus frå internrevisor
B 15/11	Oppfølging av internrevisjonsrapport 2010 "Økonomistyring"
B 16/11	Plan for internrevisjon (2011-2012) - Andre utkast til plan

### Vedtak (samrøystes):

Styret tok protokoll frå møte i revisjonskomiteen den 11.05.2011 til orientering.

## 082/11 Eventuelt

### Prosjektoversikt (RNJ)

Reidun Nyborg Johansen ønskte å få framlagt ein oversikt over alle pågåande prosjekt i Helse Vest regi. Oversikt vil bli framlagt for styret hausten 2011.

## Skriv og meldingar

### **Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:**

Brev frå Helse Vest RHF til Arbeidstilsynet, dagsett 060611- Oppfølging av forhold knyttet til arbeidstid i helseforetakene

Brev frå Arbeidstilsynet til Helse Vest RHF, dagsett 010411- Oppfølging av forhold knyttet til arbeidstid i helseforetakene

Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 310511 – Rapportering per april 2011

Brev frå DIPS ASA til deres kunder, dagsett 070611 - Vedrørende vår kommentar til Helsetilsynet om Svikt i pasientadministrative systemer og elektroniske pasientjournaler ved flere av landets helseforetak

Kopi av brev frå DIPS ASA til Statens helsetilsyn, dagsett 060611 - Kommentar til brev om Svikt i pasientadministrative systemer og elektroniske pasientjournaler ved flere av landets helseforetak

Kopi av brev frå Statens helsetilsyn til HOD, dagsett 310511 – Svikt i pasientadministrative systemer og elektroniske pasientjournaler ved flere av landets helseforetak

Kopi av brev frå Statens helsetilsyn til Helse Førde HF, dagsett 310511 – Avslutning av påleggssak

Brev frå Helse Fonna HF til Helse Vest RHF, dagsett 270511 – Tilsynssak – Helse Fonna HF Klinikk for psykisk helsevern barne- og ungdomspsykiatrien

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 240511 – Avslutning av tilsyn med Helse Fonna HF Medisinsk klinikk - september 2010-behandling av hjerneslag

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Fonna HF, dagsett 230511 – Iverksetjing av tiltak i Klinikk for psykisk helsevern

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Haraldsplass Diakonale Sykehus, dagsett 210511 – Oversending av rapport frå tilsyn med Haraldsplass Diakonale Sykehus 27.-28.april 2011

Kopi av brev frå Arbeidstilsynet til Stavanger Universitetssjukehus, dagsett 250511 – Avslutning av tilsyn God Vakt - pålegg om å evaluere iverksatte tiltak

Brev frå Helse Vest RHF til Vågsøy kommune, dagsett 250511 – Svar på spørsmål og problemstillingar i samband med regjeringa sitt vedtak om Nordfjord sjukehus

Protokoll frå Regionalt Brukarutval i Helse Vest RHF 13.04.2011

Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest RHF, dagsett 010611 – Forvaltningsrevisjonsprosjekt - Rehabilitering i helsetjenesten Uts.Off.

Brev frå Helsetilsynet i Sogn og Fjordane til Helse Vest RHF, dagsett 190511 –Tilsyn med Helse Førde Nordfjord sjukehus og Førde sentralsjukehus – behandling av eldre pasienter med hjerneslag U.Off.

### **Følgjande skriv og meldingar blei lagt på bordet i styremøtet:**

Brev frå Helse Vest RHF til Helse Fonna HF og Helse Bergen HF, dagsett 160611- Spesialisthelsetenestetilbodet i Helse Fonna HF - oppstart av arbeid med å vurdere føretaksgrensa i Hardanger

Brev frå Brukarutvalet i Helse Førde til Helse Vest RHF v/styret, dagsett 140611- Dei økonomiske rammene for Helse Førde

Kopi av brev frå Helsetilsynet i Hordaland til Helse Bergen HF, Voss sjukehus, dagsett 100611 - Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Bergen HF - Voss sjukehus 12.-13.mai 2011

e-Post frå Vågsøy senterparti til Helse Vest, dagsett 160611 – Nordfjord Sjukehus Spørsmål frå Vågsøy SP

Kopi av brev frå Advokatfirmaet Harris til Helse Førde HF, dagsett 160611 – Styresaker – modell for somatisk spesialisthelsetjenester i Helse Førde og langtidsbudsjett og investeringsplan

Ref. Torunn Nilsen

22.06.2011

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem